



SAMTALE OM URO OG BEKYMRING

Mal for innhald

Er du tilsett i oppdagande tenester i kommunen skal samtalen skal gjennomførast seinast ei veke etter at du har kjent uro for barnet/ungdommen.

Samtalen er eit planlagt og førebudd møte mellom den profesjonelle, barnet og foreldra. Grunnkje dersom barnet ikkje deltek i samtalen. Hugs å sikra barnet si stemme inn i møtet. Føremålet med samtalen er å dela uroa og å starta eit samarbeid kring den.

Om du er ungdom, tilsett eller foreldre, forsøk å drøft uroa på ein slik måte at;

- dei andre rundt bordet forstår uroa di
- andre i møtet skjønar at dei må ta stilling til situasjonen
- det vert sett i gang refleksjonar

Mål med samtalen er:

- Å avklare om det trengs hjelpetiltak rundt barnet.
- Å etablera eit samarbeid som kan betre situasjonen.

Moment i samtalen:

- Kva har hendt, og kvifor er du uroa for barnet/ungdommen?
- Ver direkte og tydeleg om det du har sett, dine opplevingar og dine undringar om kva dette kan føre til for barnet/ungdommen. Ikkje problematiser.
- Lytt og ver open, raus og respektfull i dialogen.
- Ikkje diskuter/argumenter rundt observasjon og fakta.
- Sei alltid det som er positivt. Løft fram ressursane til barnet/ungdommen.
- Avslutt samtalen dersom den ikkje fungerer, og forklar kvifor de avsluttar før tida. Avtal heller eit nytt møte.

